



Eidsvik Skipsbyggeri fekk mykje skryt også av reiarlaget Meling då Siem Pilot vart døypt sist laurdag

No er den første supplybåten skipsbyggeriet har utstyrt inne i eit testprogram. I føremiddag har han vore på test-tur innover i fjorden til Løfallstrand og her er han fotografert utanfor Mjødnasund (over) og Gjermundshamn (under).

Etter det som vart opplyst under døypinga skal overleveringa skje i byrjinga av mars, det vil seie om relativt stutt tid.

Båten skal gå i Nordsjøen ei tid før han skal gjera teneste i Brasil.

Om det blir Eidsvik som får utrustinga også av det identiske skroget som har lege lenge på Børnes, er uvisst, opplyste reieren under døypinga.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

